

H2019

## Andrespråkslæring- og undervisning for integrert lektorutdanning (NORAN204-L)

### Faglærers vurdering av gjennomføring

Praktisk gjennomføring: Undervisning i rom før og etter langpraksis. Digital undervisning i Mitt UiB under langpraksisperioden. Kollokvium med undervisningsassistent gjennom heile semesteret.

Strykprosent og frafall: 3 strauk (fekk F)

Karakterfordeling: På eksamen møtte 20 av 21: 1 (A), 3 (B), 9 (C), 4 (D), 0 (E), 3 (F).

Studieinformasjon: Greitt.

Tilgang til relevant litteratur: Greitt.

### Faglærers vurdering av rammevilkårene

Lokaler og undervisningsutstyr: Greitt.

Andre forhold: Greitt.

### Faglærers kommentar til student-evalueringen(e)

Metode – gjennomføring:

Det er nødvendig med ei grundig evaluering då emnet er heilt nytt i lektorutdanninga, og fordi me var litt usikre på korleis me skulle leggja opp undervisninga for denne gruppa. Det vart difor gjennomført to typar evaluering: 1) elektronisk vurdering gjennom Mitt UiB i desember 2019 og 2) samtale om studentane sine erfaringar frå H2019 gjennomført februar 2020 mellom emneansvarleg og studentar, som takka ja til invitasjonen til å delta på ein evalueringssamtale. Eg presenterer den kvantitative delen av spørjeundersøkinga først (Likert-skala-data), og deretter dei kvalitative dataa frå både spørjeundersøkinga og evalueringssamtalen, dvs. utsegna frå studentane. Det var åtte studentar som deltok i den elektroniske evalueringa, og det var fem studentar som deltok i evalueringssamtalen.

Oppsummering av innspill:

- Ei av dei tydelegaste tilbakemeldingane gjeld relevansen av emne for utdanninga: 7/8 studentar skriv i evalueringsskjemaet at emnet er svært relevant. Dette er også ei unison tilbakemelding i evalueringssamtalen. Fleire studentar uttrykkjer eksplisitt at det er bra at emnet no er obligatorisk i lektorutdanninga, og at dei føler seg meir skodde til læraryrket

fordi dei reknar med å få minoritetsspråklege elevar i klasserommet (sjølv om dei ikkje utdannar seg som andrespråks-spesialistar. Fleire grunngjev dette frå erfaring frå praksis).

- Ei anna unison tilbakemelding er at dei ville hatt ei endå større fokus på andrespråksdidaktikk-delen. Fleire føreslår også at arbeidskravet blir retta mot praksisfeltet.
- Det er også stor semje om at pensum er for omfattande, og at det er ein del unødvendig overlapp mellom enkelte pensumtekstar.
- Nokre syns også at samanhengen mellom dei to delane, teoridelen og didaktikk-delen, burde vore gjort klarare i undervisninga. Fleire peikar på at oppsummeringsforelesinga før eksamen var veldig avklarande på dette punktet, men at denne innsikta ville dei gjerne hatt tidlegare.
- Gjennom evalueringssamtalen kom det også fram konkrete tilbakemeldingar på pensumtekstar som studentane syns fungerte bra, og pensumtekstar som fungerte mindre bra.
- Det var ikkje så mange studentar som deltok på kollokvia, men dei som gjorde det, hadde godt utbyte av opplegget. Studentane meldte ikkje tilbake at det var problematisk med kollokvietilbod i praksisperioden om ettermiddagen, men fleire ville hatt meir konsentrert kollokvieundervisning i leseveka («haustferieveka»), og slik færre kollokvium i praksisperioden.
- Studentane var veldig godt nøgde med nettleksjonane dei fekk digitalt, men nokre få ville hatt endå klarare leseguidar/tips til prioritert lesing gjennom semesteret. Nokon føreslo også at studentane burde bli endå betre førebudde på det digitaliserte opplegget, og det før praksis.
- Eit klar fleirtal syns den digitaliserte undervisning fungerte bra, men somme ønskja seg meir variert undervisning, for eksempel undervisning på ettermiddagen i praksisperioden (nokre få gonger).
- Somme studentar føreslo også at det vart utarbeida omgrepslister for emnet.

### Faglærers samlede vurdering, inkl. forslag til forbedringstiltak:

Det var ei positiv studentgruppe som møtte til undervisning, og som var veldig motivert for å læra om andrespråkslæring- og undervisning. Undervisninga før langpraksis fungerte bra, men overgangen til det digitale undervisningsopplegget i praksisperioden var nok litt for brå. Det var også svært stille på diskusjonsforumet (der faglærer kunne svara) i praksisperioden. Det var også vanskeleg å få til å samkøyra undervisninga etter praksis med NORAN104, dels fordi det var ganske seint i semesteret, og dels fordi det då også var fleire andre lærarar inni bilete og fleire studentgrupper å ta omsyn til.

Basert på studentane sine erfaringar og lærarane/emneansvarleg sine egne erfaringar vil me gjera følgjande endringar neste gong emnet skal gjennomførast:

- Pensum er korta noko ned og gjort mindre fragmentarisk (færre artiklar).
- Det obligatoriske arbeidskravet vil bli knytt til erfaringar/observasjonar i praksisperioden.
- Det vil bli sett av tid til å gå gjennom det digitaliserte undervisningsopplegget før studentane går ut i praksis, inkl. utvikling av leseguidar.

- Dersom me får ressursar til å tilsetja undervisningsassistent, vil me halda fram med å tilby kollokvieundervisning på ettermiddagen somme veker i praksisperioden. I tillegg legg me opp til tre kollokvieøkter i leseveka.
- Me vil bruka meir tid på å få fram samanhengane i faget, særleg samanhengen mellom teori og tilnærmingar i klasserommet, tidlegare, og før studentane går ut i praksis.